



# Joranger kyrkje

Bygd på 1620-talet

Henta frå "På kyrkjeferd i  
Sogn og Fjordane  
2. Sogn (utgitt år 2000)

Sjølv om Joranger kyrkje ikkje er stor, har ho på avstand noko høgreist og majestetisk over seg, der ho ligg på eit høgdedrag med utsyn mot Lustrafjorden. Her har det lege kyrkje kanskje så langt tilbake som tusen år... Kor lenge veit vi ikkje, like lite som vi veit den faktiske alderen på kyrkja som står på staden i dag.

Det vi kan seie sikkert, er at Joranger kyrkje er ei av tre kyrkjer frå 1600-talet som finst igjen i Luster frå den tida då gjenoppbygginga etter Svartedauden var i full gang (dei andre er Jostedal og Gaupne gamle kyrkjer). Når byggeåret er usikkert, skuldast det ulike opplysningar som kjem fram m.a. på interiøret i kyrkja. Bjelkane i kortaket viser at kyrkja vart dekorert i 1643 og 1652. Altartavla er endå eldre, ho er måla i 1639. Utfrå desse opplysningane er det meir nærliggjande å tru at kyrkja er frå tidleg på 1600-talet, enn frå året som offisielt har vore nytta, 1660.

## Joranger kyrkje

Type kyrkje:	Langkyrkje i tre
Byggeår:	Truleg 1620-talet
Byggmeister:	Ukjend
Tal sitjeplassar:	85
Medlemer 1999:	559 (Fet og Joranger sokn, ikkje spesifisert i høve til folketal)
Kyrkjesøking 1999:	3,08 gonger i året
Namnetyding:	Av <i>förungar</i> , avleiing av elvenamnet <i>Jora</i> , den vassrike elva



*Den rette alderen veit vi ikkje sikkert, men Joranger kyrkje er truleg frå 1620-talet. Tårnspiriet er åttekanta og heller stort i høve til kyrkjebygget. Her slaggar dei til gudsteneste 1. juledag.*

FOTO: TERJE EGGUM

Årsaka til at årstalet 1660 fram til no er nytta av lokalhistorikarar og andre, er at fleire skriftlege kjelder held seg til dette årstalet. Eit dokument frå 1722 skal innehalde opplysningar om at kyrkja i 1660-åra var ei *stavkyrkje*, og at det vart teke ut heile tre kyrkjeklokker frå denne, dei vart overførte til den nye kyrkja på staden. Ein annan stad er det opplyst at kyrkja i 1660-åra stod til forfall, og at det draup vatn inn i koret. Samstundes kan vi lese i synfaringa frå 1686 (sjå neste side) at kyrkja er kalla ein *tømmerbygning* som same året har vorte reparert og tjørebreidd. Det er naturleg at mange utfrå desse opplysningane har meint og meiner at Joranger kyrkje er reist omkring året 1660 – eller ein gong mellom 1660-åra og 1686. Denne almene oppfatninga har igjen gitt seg uttrykk i skriftlege utsegner som denne:

*Rimeligvis har kirken fra 1660-årene endnu været stavkirken, som er revet; thi præstens indberetning af 1885 siger, at den nuværende kirke er sandsynsligvis over 200 aar gammel.*

*Rimeligvis* kanskje, men vi ser at her er ein god del moment som taler imot at

kyrkja vart bygd på andre halvdel av 1600-talet. Vi trur like gjerne at Joranger kyrkje er ei tidleg 1600-tals kyrkje. Det verkar t.d. lite logisk at målararbeidet og dekorasjonane som vart utført på bjelkane på 1640–50-talet har vore kosta på ei gammal stavkyrkje som stod til forfall. Det er også vanskeleg å skjønne at ei kyrkje i slik forfatning skulle få ny altartavle. Var det ikkje meir naturleg å koste ny tavle i ei ny kyrkje?

Endå meir interessant blir drøftinga omkring alderen når vi les kyrkjerekneskapen frå 1678, den eldste rekneskapen som er teken vare på. Der står følgjande: *oplagt et nyt Tag paa den søre side af Kirken 18 1/2 Tylter Bord*. Andre stader ser vi ofte at det vart utført ymse reparasjonar med *nokre* tiår imellom, men det er lite truverdig at ei 10–15 år gamal kyrkje måtte ha nytt tak. Dersom vi derimot seier at kyrkja er frå tidleg på 1600-talet, blir det meir forståeleg at taket var medteke av vêt og vind og måtte skiftast. Vidare, dersom kyrkja vart bygd tidleg på 1600-talet, høver det godt med tidfestinga av måla inventardelar og den nye altartavla som truleg vart laga rundt 1620

(men først måla i 1939). Også synfaringa frå 1686 passar inn i biletet av ei kyrkje som på den tida kan ha stått i om lag 50–60 år.

Der får vi følgjande opplysningar om sjølve kyrkjebygget, den tekniske tilstanden og kva inventar som finst:

#### Jordanger Kirche,

*Tømmer Bygning, huis lengde er 18 Alne, 13 Alen breeden, Chorit 9 Alen i Kant, Vaabenbusit under Taarnit lang 6 Alen og lige breedt med Kirchen, foruden at den i Vaar 1686 och nest forleden den høst er brædd, er dens Brøstfeldighed,*

#### Vdvortis,

*Jorden graftuis fra Svillene af Kirchens vestre Brøst, och begge sider som een dyh Veyte, der eftter Thierebrædis Bordtaget under Tagene paa den nore side af Østre side med 1-j td a 2 td Thiere,*

*Bordtaget paa Søre side af Chorit vill bedre befestis och forbedris for Draabefald,*

*Paa nore side giøris eet Schur ofuer Stiene som eet Stiehus, af i-j tyllt bord och 8 a 10 Knæer,*

#### Indvortis,

*Stolene paa begge sider forbedris eendeel paa benchene at feste, endeel at giøre paa Quindesiden Rechetræer fra opstanderne till veggem, saa som imellem Mandfolchestolene giort er. Iligemaade giøris smaa Bencher for Vngdommen at sidde paa langs med veggem paa begge sider af Chorit, och 2 ny Hengssler paa Funtedørren, Eet Vindue i Chorit forbedris med 3 Ruder, och schall Ombudsmanden vere tilltengt at opdrage Lugene eftter af Guds tieniste er forretted (eftterdj der er Luger) och huor Lugebaand fattis der kiøbis ny,*

#### Inventarium

*Kalch och Disch af Sølf, 2 Messingstager, 2 Alterduge Messebagell och Serch, En tønne Kiedell, 3 Klocher 1 Haandkloche och Gaamel bechen i Funten, kand endnu passere.*

Her les vi at gudshuset vart tjørebreidd same året (1686), og at det draup frå sør-sida i koret. Innvendig var det naudsynt med reparasjonar av kyrkjestolane på kvinnesida. Vidare vart det påpeika at ungdommen måtte få eigne benker langs veggene, og at der var trong for to nye hengsler på døra inn til fontehuset (der



Altarringen er uwanleg liten, og er ein av fleire fine detaljar i koret. Altartavla er datert til rundt 1620. T.h. skimtar vi den gamle klokkekarstolen.

FOTO: OSKAR ANDERSEN

døypefonten stod). Alt dette er argument som vi meiner talar for at kyrkja er eldre enn til no rekna med. Det ville ikkje vere naturleg å skifte hengsler på det som eventuelt var eit heller nytt innebygt rom. Det er heller ikkje sannsynleg at nye benker skulle trenge reparasjon. Igjen er det enklare å forklare at reparasjonane var naudsynte dersom kyrkja på dette tidspunktet var rundt 50–60 år gammal, enn om ho var berre 10–20 år. Skal vi tore å dra ein konklusjon på når Joranger kyrkje mest truleg vart bygd, er det nærliggjande å hamne på rundt 1620. Då er vi altså tilbake på eitt av tiåra med sterk folkeauke tidleg på 1600-talet.

Joranger kyrkje er det vi kan kalle ei heller typisk 1600-talskyrkje. Både forma

og storleiken minner mykje om nabokyrkja på Fet (riven i 1894). Skipet i Joranger kyrkje er om lag 11,5 x 8 m og koret vel 5,5 m i firkant. Våpenhuset er vel 3,5 m langt og bygt i eitt med skipet. Som tidlegare nemnt, var kyrkja tjørebreidd den første tida, men i kjelder frå 1800-talet er ho berre omtala som kvitmåla. I dag er kyrkja kledd med liggande, kvitmåla kledning. Tårnet er sett inn på taket og har eit ganske kraftig, åttekanta tårnspir som er dekt med kopar. I eit dokument frå 1722 les vi at der var ei sval under tårnet, og at den då gjorde teneste som våpenhus.

Oppunder taket i koret og i skipet er langbjelkane dekorerte med sitat frå Det gamle testamentet. Bjelkane er daterte til

1643 (koret) og 1652 (skipet). Dette er vanlege dekorasjonar frå 1600-talet, og m.a. finn vi igjen liknande takbjelkar i Gaupne gamle kyrkje.

Storparten av endringane som har skjedd med dette gudshuset, har føregått i nyare tid. Det siste store arbeidet vart utført på 1960-talet. Før den tid hadde kyrkja ikkje grunnmur, og mykje av treverket var øydelagt av sopp og til dels røteskader. I samband med at det vart sett opp grunnmur, måtte heile kyrkjebygget jekkast opp. Vidare måtte dei svære tårnstokkane skøytast på nedst. Dei står på golvet bakerst i skipet, og er truleg frå stavkyrkja. Stokkane hadde både røteskader og vasskader, det siste etter ein lekkasje i tårnet. Fargane i kyrkja vart også endra på denne tida. Karmane i vindauga og taket i skipet vart måla opp igjen, og dei lysegule benkene frå 1880-talet vart avluta.

Spor i dekorasjonen i korveggen (skiljet) viser at den nedste delen av veggen på eitt tidspunkt er blitt fjerna og erstatta med maskindreia traleverk. Minst to bjelkar ser ut til å ha blitt fjerna. Kva tid arbeidet er utført veit vi ikkje, men utifrå følgjande melding på ei fjøl i kyrkja kan det ha føregått på slutten av 1880-talet. Der har Ole Ellingsen Holseter signert på følgjande: *Kirkens rep. Foregikk høsten 1888. Avsl. 12. sept.* Tømmeret som vart til overs frå dei gamle korveggene ser ut til å ha blitt nytta då vindauga i koret vart utvida. Desse var tidlegare berre halvparten så store som no, og stod dessutan lenger oppe på veggen. Det vi dessutan veit, er at benkene i kyrkja vart skifta ut i dette tidsrommet.

Ein interessant detalj i Joranger kyrkje er dei tjukke tømmerstokkane nedst under glaset framme på nordsida i kyrkjeskipet. Dei har *drypphol* tilsvarende dei vi finn i det ståande tømmeret i t.d. Hopperstad stavkyrkje. Delar av dei innvendige veggene i Joranger kyrkje ser altså ut til å vere tømmer som har tilhøyrt stavkyrkja på staden. I koret er der fleire fine detaljar, ikkje minst den uvanleg vesle og enkle altarringen. På nordsida står det som blir kalla bispestolen, på sørsida klokkestolen. Begge er innebygde. Sakristiet i dagens kyrkje finn vi på sørsida, ved inngangen. I sin omtale av kyrkja skreiv bygdebokforfattar Jon Laberg på 1920-talet at *Jørunga-kyrkja har i seinare tid faatt mykje umvøling og kvitmaala som ho er, ser ho ikkje so verst ut – utantil.* Vi vil leggje til at kyrkja gjev oss ei god oppleving – også frå innsida.

## Tidlegare kyrkje

### Joranger kyrkje

#### ca. 1200-talet – 1600-talet

I 1341 er *Horunga kirkja* nemnd, ho var då omtala som stavbygning og hadde eigen prest som heitte Haldor. Det finst material frå denne stavkyrkja som er nytta i dagens Joranger kyrkje.

## Kunst og inventar

**Altartavla** frå ca. 1620 er ei katekismetavle, med pilasteroppbygging, stort toppstykke og store venger med Kristus monogram, kanskje laga av Christen snikkar. Målinga er datert til 1639. Teksten på tavla er t.v. Herrens bøn, t.h. nattverdorda, og øvst dåpsorda. Ei tid var eit måleri av den bedande Kristus sett inn i hovudfeltet. Altarbordet, truleg frå 1660, er av litt grovt trevirke, festa med trenaglar.

**2 altarlysestakar** frå 1701, messing, gåve frå Jens Hansen Ørbech og Margrete Pedersdatter Haning.

**Nattverdsutstyr:** Altarkalk, disk, oblatøskje og skei, udatert, sølv.

**Biletbibel** frå 1840 ligg i «bispestolen» i koret.

**Preikestol**, truleg frå før 1660, med måleri av evangelistane, restaurert på 1970-talet.

**Døypefont**, udatert, er ein jernring som dåpsfatet blir lagt opp i, festa i bjelken i koropninga. Dåpsfatet, udatert, men truleg før 1700, er av messing med utstansa mønster. Dåpsnugge, udatert, nyare tid, messing.

**Kristus-bilte**, udatert, heng i koret på ein sidevegg og viser Kristus i bøn. Ukjend kunstnar.

**Bjelkane i himlingen** i skipet er daterte til 1652 og i koret til 1643, og må vere frå ei tidlegare kyrkje, rosemåla og med bibelord.

**Orgel** frå 1981, 4 stemmer, Jørgensens Orgelfabrikk.

**2 kyrkjeklokker**, truleg 1200-talet, den eine med innskrift som kan tydst som *Til cere for heilag Olav, kongen.* Ei tredje kyrkjeklokke (udatert), er skada og ikkje i bruk.


## Kunst og inventar flutta frå kyrkja

**Lysestake** frå ca. 1200 (no i Bergen

Museum) bronse, laga i Dinant, Frankrike. *Staken vart funnen under golvet i kyrkja. I kvart hjørne av det tresida fotstykket kryp eit firfisleliknande dyr med langt hovud og store auge nedover. Staken er elles dekorert med rankeverk.*

*Kunsten frå Dinant var rekna som det fremste i Europa på si tid.*

FOTO: OLAV ESPEVOLL, BERGEN MUSEUM



**Sørgefane** frå 1677 (no i Bergen Museum) over løytnant Jens Bille. Fana hang i Joranger kyrkje. Innskrift: *Hans Kong: MA: Til Danmark Norge welbestalter leutenant ofver Sogns compagne edle og welmandhafte mand salig lens Bille fød anno 1626 døde anno 1677 den 2 marsi. Hans alder 51 år.*



*Sørgefane over Jens Bille.*

FOTO: SVEIN SKARE, BERGEN MUSEUM